

KOMMISJONSVEDTAK

av 20. mai 1997

om ei felles teknisk forskrift om grunntilknytning til det felleseuropeiske, digitale fleirtenestenettet (ISDN)(*)

(97/346/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESKAPA HAR -

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 91/263/EØF av 29. april 1991 om tilnærming av medlemsstatenes lovgivning om teleterminalutstyr samt gjensidig anerkjennelse av utstyrets samsvar⁽¹⁾, endra ved direktiv 93/68/EØF⁽²⁾, særleg artikkel 6 nr. 2 andre strekpunktet, og

ut frå desse synsmåtane:

Kommisjonen har vedteke eit tiltak for å klarleggje kva type terminalutstyr som ei felles teknisk forskrift bør omfatte, og den tilhøyrande fråsegna om verkeområdet for forskrifta.

Dei tilsvarande harmoniserte standardane eller delar av dei som dei grunnleggjande krava skal gjennomførast ved hjelp av, og som skal gjerast om til felles tekniske forskrifter, bør vedtakast.

I visse medlemsstatar kan gjennomføringa av ISDN på nasjonal plan syne seg å vere inkompatibel med EURO-ISDN-terminalane. Slike avvik bør ikkje vere omfatta av typegodkjenning. Slike nasjonale avvik bør påvisast av dei rette nasjonale styresmaktene, og opplysningar om dei bør vere tilgjengelege for ålmenta.

For å sikre at marknadstilgangen vert halden ved lag for produsentar som no forsyner ein eller fleire nasjonale marknader, er det naudsynt å fastsetje overgangsføresegner for utstyr som er godkjent i medhald av kommisjonsvedtak 94/797/EF⁽³⁾.

Vedtak 94/797/EF bør opphevast frå utgangen av overgangsperioden.

Den felles tekniske forskrifta som er vedteken i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Utvalet for godkjenning av teleterminalutstyr (ACTE) -

(*) Denne EF-rettsakten, kunngjort i EFTL 148 av 6.6.1997, s. 19, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 117/98 av 18. desember 1998 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se denne utgaven av EØS-tillegget til *De Europeiske Fellesskaps Tidende*.

(¹) TEF nr. L 128 av 23.5.1991, s. 1.

(²) TEF nr. L 220 av 31.8.1993, s. 1.

(³) TEF nr. L 329 av 20.12.1994, s. 14.

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

1. Dette vedtaket skal nyttast på terminalutstyr som er meint for tilkopling til eit offentleg telenett, og som fell inn under verkeområdet for den harmoniserte standarden som er nemnd i artikkel 2 nr. 1.

2. I dette vedtaket er det fastsett ei felles teknisk forskrift som omfattar tekniske spesifikasjonar, krav til elektrisk og mekanisk grensesnitt og protokollen for tilgangskontroll for terminalutstyr som kan og som produsenten eller representanten for produsenten har meint skal tilknytast eit T-referansepunkt eller eit samanfallande S- og T-referansepunkt som skal gje grunntilknytning til eit grensesnitt i eit offentleg telenett, og som har nemninga felleseuropeisk grunntilknytingspunkt for ISDN (EURO-ISDN).

Artikkel 2

1. Den felles tekniske forskrifta skal femne om den harmoniserte standarden som det rette standardiseringsorganet har utarbeidd, og som dei grunnleggjande krava i artikkel 4 bokstav c), d) og f) i direktiv 91/263/EØF så langt råd skal gjennomførast ved hjelp av. Tilvisinga til standarden er oppført i vedlegg I, og dei delane av standarden som ikkje skal nyttast, er oppførde i vedlegg II til dette vedtaket.

2. Terminalutstyr som dette vedtaket omfattar, skal vere i samsvar med den felles tekniske forskrifta som er nemnd i nr. 1, og skal stette dei grunnleggjande krava som er nemnde i artikkel 4 bokstav a) og b) i direktiv 91/263/EØF, og krava i andre direktiv som gjeld for utstyret, særleg rådsdirektiv 73/23/EØF⁽⁴⁾ og 89/336/EØF⁽⁵⁾.

Artikkel 3

Når det gjeld terminalutstyr som kjem inn under artikkel 1 nr. 1 i dette vedtaket, skal dei melde organa som er peika ut til å gjennomføre dei rutinane som er nemnde i artikkel 9 i direktiv 91/263/EØF, nytte den harmoniserte standarden som er nemnd i artikkel 2 nr. 1, eller syte for at han vert nytta, innan eitt år etter at det er gjeve melding om dette vedtaket.

(⁴) TEF nr. L 77 av 26.3.1973, s. 29.

(⁵) TEF nr. L 139 av 23.5.1989, s. 19.

Artikkel 4

1. Vedtak 94/797/EF vert oppheva eitt år etter at det er gjeve melding om dette vedtaket.
2. Terminalutstyr som er godkjent i medhald av vedtak 94/797/EF, kan framleis marknadsførast og takast i bruk på det vilkåret at godkjenninga vert gjeven innan eitt år etter at det er gjeve melding om dette vedtaket.

Artikkel 5

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 20. mai 1997.

For Kommisjonen

Martin BANGEMANN

Medlem av Kommisjonen

*VEDLEGG I***TILVISNING TIL DEN GJELDANDE HARMONISERTE STANDARDEN**

Den harmoniserte standarden som er nemnd i artikkel 2 i dette vedtaket, er:

TBR 3

Digitalt fleirtenestenett (ISDN)

Krav til tilkopling av terminalutstyr for ISDN-tilknytning ved hjelp av grunntilknytning

ETSI

Det europeiske standardiseringsinstituttet for telekommunikasjonar

ETSI-sekretariatet

TBR 3 — november 1995

(utan forordet)

Den fullstendige teksta til den harmoniserte standarden som er nemnd ovanfor, kan skaffast frå:

Kommisjonen for Dei europeiske fællesskapa

DG XIII/A/2 — (BU 31, 1/7)

Rue de la Loi/Wetstraat 200

B-1049 Brussel

VEDLEGG II

DEI FØLGJANDE DELANE AV DEN HARMONISERTE STANDARDEN
SKAL IKKJE NYTTAST

- Nr. 9.4.2.3.1. **Activation/deactivation procedures for TEs**
- Specifications of the procedures*
- Tabell 9.7
- Kravet om å sende MPH-II(d), som er oppført i rada «*Disappearance of PSI for at least 500 ms*», gjeld ikkje.
- Kravet om å sende PH-DI, som er oppført i rada «*Expiry T3*» og i spalta «*Synchronized*», gjeld ikkje.
- Tabell 9.8
- Kravet om å sende MPH-II(d), som er oppført i rada «*Loss of power*», gjeld ikkje.
- Kravet som er oppført i rada «*Detect PSI*», gjeld ikkje.
- Kravet om å sende PH-DI, som er oppført i rada «*Expiry T3*» og i spalta «*Synchronized*», gjeld ikkje.
- Tabell 9.9
- skal ikkje nyttast. Tabell 9.8 med førnemnde endringar skal nyttast i staden.
- Nr. 9.5.5.1.4. **Protection against PS1 interruption**
- Dette kravet gjeld ikkje.
- Nr. 10.5.4.2. **Conditions for TEI removal**
- Kravet gjeld ikkje på det følgjande av dei vilkåra som er oppførde: «*on receipt of an MPH-Information indication (disconnected) primitive*».
- Nr. 10.5.5.3. **Expiry of timer T202**
- Dette kravet gjeld ikkje.
- Nr. 10.6.1. **Establishment of multiple frame operation**
- 10.6.1.1. **General**
- Kravet til slutt i andre leddet, «*All frames other than unnumbered frame formats received during the establishment procedures shall be ignored*», gjeld ikkje.
- Nr. 11.4.2.2.2. **Address checking**
- Dette kravet gjeld ikkje.

Nr. 11.4.6.5.1.

Mandatory information element missing

Kravet som er oppført i det leddet som byrjar med «*When a message other than SET UP, DISCONNECT...*» og sluttar med «*...element is missing*», gjeld ikkje.

Kravet som er oppført i det leddet som byrjar med «*Other actions taken...*» og sluttar med «*...had been received*», gjeld ikkje.

Kravet som er oppført i det leddet som byrjar med «*When a RELEASE message...*» og sluttar med «*...was received (see subclause 11.4.3)*», gjeld ikkje.

Kravet som er oppført i det leddet som byrjar med «*When a DISCONNECT message...*» og sluttar med «*...was received (see subclause 11.4.3)*», gjeld ikkje.

Kravet som er oppført i det leddet som byrjar med «*When a RELEASE COMPLETE message...*» og sluttar med «*...normal, unspecified*», gjeld ikkje.

Merknaden til slutt i det siste leddet gjeld ikkje.

Nr. 11.4.6.5.2.

Mandatory information element content error

Dette kravet gjeld ikkje.

Nr. 11.4.6.6.1.

Unrecognized information element

Følgjande krav som er oppførde i det nest siste leddet, gjeld ikkje:

- a) *when a DISCONNECT message is received which has one or more unrecognized information elements, a RELEASE message shall be returned.*
 - c) *when a RELEASE COMPLETE message is received which has one or more unrecognized information elements, no action shall be taken on the unrecognized information.*
-